



Mathilde ved Skorpo i 2007.

Når hardangerjakta Mathilde er ein seglande leirskule i seks veker om våren og seks veker om hausten er ho gjerne innom Ole Kristoffer Vågen på Skorpo.

Denne veka segla ho inn tysdag kveld og dreg vidare på morgonkvisten onsdag. Ho har med andre ord vorte ein meir eller mindre fast og kjær gjest i dette området.

Elevane har det fint på Skorpo, dei set gjerne garn og finn spanande saker i fjøra.

Jakta frå 1884, som tilhøyrar Hardanger Fartøyvernsenter, speglar sjøfartshistoria på Vestlandet. Ho vart bygd som seglfartøy, bygd om til motorfartøy og etter 100 års teneste restaurert attende til opphavelig utsjånad.

Faktisk vart ho bygd i Kvinnherad. Ola H. Nerhus på Ølve strekte furukjølen til det 73 fot lange skroget. For å finna høvelege materialar reiste han rett over sundet der det voks gamal furuskog. Mathilde fekk namnet etter ei sær avhalden kvinne i familien.

Nerhus-slekta segla med ho før ho vart seld til Jondal og så vart ho brukt til fiskeoppkjøp i Nord-Noreg. I 1916 vart ho seld ut av distriktet og skifta eigar mange gonger i åra etter.

I 1937 fekk ho motor og vart rigga ned under namnet Kari Louise. I 1968 vart ho reparert og modernisert og fekk ny maskin.

I 1984 vart ho seld på tvangsauksjon til Stiftinga Hardangerjakt i Norheimsund og i 1989 var jakta restaurert attende til opphavelig utsjånad. Sidan har ho vore brukt til leirskule, museumstokt og chartersegling.

Mathilde har sengeplass til 25 og eit mannskap på fem. Ho seglar mest heile året langs kysten og i Hardanger. Til kai i sjølve Uskedalen var ho sist som "konsertarena" med fylkesmusikarar.

Av Ola Matti Mathisen